



Vikøy sokneråd
Postboks 39
5600 Norheimsund

REFERAT FRÅ SOKNERÅDSMØTE

tysdag 05. februar 2019 kl. 18.00 i Norheimsund kyrkje

Frammøtte:

Ingvill Sørheim, Eimund Solsvik, Edmund Tolo, Gudrun Skeie Langeland, Odd Øygarden. Siri Moripen Øverland, og Arvid Strømme , Roar Strømme, Kari Bente Valland Træbakken,

Rebecca Opsahl-Engen , permisjon

Astrid Helleve Fylkesnes møtte ikkje

Odd Øygarden heldt opning.

Sak 01/19 Godkjenning av innkalling og sakliste, - og referat frå møtet 20.november -18

Innkalling og referat godkjend utan merknader.

Sak 02/19 Orientering, evalueringar og nytt i kyrkjelyden

- **Nytt hefte om altartavla i Nhs kyrkje**

Dette heftet er no på plass, Olav Skeie Lid har produsert dette etter mykje korrespondanse med Audun Storaas. Dette legg vi ut i gangen med ei lita påminning om VIPPS støtte. Evt ei bøsse.

- **Kateketsituasjonen**

Det er ikkje nytt å melde her, men Mampion startar jobben 1. Mars. Ho har vore i Noreg i 7 år, men må gjera ferdig si masteroppgåve før ho får starta arbeidet.

Ho vert då ansvarleg for trusopplæring

- **Gudstenesteopplegget i jula, evaluering**

Det var eit par reaksjonar på at det mangla julegudsteneste i Vikøy. Ein kan eventuelt få dette til seinare ved bruk av pensjonerte prestar.

Det var 630 frammøtte i Norheimsund.

Det har også vore kommentert at kvalitet ikkje var som forventa. Nokre var skuffa over at innhaldet ikkje var nok innretta mot borna. Denne gudstenesta var retta inn til dei vaksne.

- **Kyrkjelyden sitt årsmøte 24.mars, førebuingar**

Rekneskapen er innlevert for endeleg føring hjå Vekstra.

Det vert eit overskot på om lag 40.000,-

Årsmelding må vera klar til neste møte. Statistikkane kan også gjerne leggjast ved.

- **Felles misjonsgudsteneste i Nhs kyrkje 27.januar (ikkje kateketvigsling)**

kateketvigsling vert utsett til etter 1. Mars

- Temakveld tidlegare planlagd 28.mars vert flytta til 21.mars
- Frelsesarmeen sitt musikkorps kjem og deltek i gudstenesta 2.juni

Sak 03/19 Fasteaksjonen KN med konfirmantane 9.april kl 17.30

- val av komite

Vi legg opp til attval

Odd, Kari Bente, Ingvill,

Siri er kontakt med Tørvikbygd

Sak 04/19 Val av konfirmasjonsdag(ar) frå 2020, jmf vedtak sak 21/17

- spørsmålet er om ein skal imøtekoma ønskje om konfirmasjon på laurdag

Dette gjeld 2020 og denne kan vi utsetja til 5.mars

Sak 05/19 TOL- gudsteneste(TOL trusopplæring)

Her møtte Solveig Lønning Sangolt for å orientera:

- **Tårnagentane:**

I Øystese var dette faktisk med 39 barn, både frå Øystese og Norheimsund . Det kan verta meste laget. Desse var inndelt i 3 grupper og det vart litt vanskeleg med kontrollen. Her bør ein prøva å dela opp annleis og organisera det bort frå dei mest vanskelege lokalitetane. Det er ikkje nok rom for inndeling i mindre grupper. Her må ein gå gjennom organisering til neste gong.

- **Tweens: 14. Mars, 28.mars og 11.april**

Ingvill er ansvarleg på kjøkkenet. Det er eit opplegg i skulen som går på same tema, men her vert fokuset på kyrkja sin vinkling. Ein kan prøva dette opplegget i kyrkja, utan å gå for breidt ut.

- **Legoklubb: 6. Mars, 20mars, 3.april**

Gudrun og Ingvill (med unntak av 20.mars) tek ansvar for mat. Framneselevar er med og støttar opp.

- **Krølletreff: 9.mai, 30.april og 7.mai.**

Spør Lars Norheim om å „låna“ eit lam for kvelden.9.mai

Grautservering, bibelforteljing.

Eimund og Helga er med og hjelper til. Vi spør også Berit Skutlaberg.

- **1.klassebok: fredag 14.juni**

Dette er ein fredag, utdeling av bok, og pølser i brød.

Gudrun og Odd hjelper til her.

- **Lys vaken arrangementet.**

Dette bør det arbeidast med på ein annan måte. Soknerådet ber Solveig leggja dette opp etter forslaget som no er lagt fram slik at dette arrangementet kan verta fornya.

Sak 06/19 Kyrkjevalet 2019.

- Helene Haarr har vore heilt sentral i dette arbeidet i svært mange år, og dei siste åra har ho i praksis vore programkomiteen for dette arbeidet. No ønskjer ho avløyning, og me må finna ei løysing på dette dersom føremiddagstreffet skal halda fram.
 - Det er ikkje planlagt føremiddagstreff denne våren.
 - Olav S. Lid har undersøkt, men ikkje klart å finna ny leiar.
 - Dette arrangementet er retta inn mot pensjonistar og har vanlegvis hatt om lag 50-60 frammøtte. Det har vore diverse foredrag, andakt (ord for dagen) og mat.
 - Helga Sørhus stadfesta at dei kan delta

Ingvill undersøker om vi får til eit føremiddagstreff med Gunnar Ajer 28.mars.

Sak 07/19 Kyrkjevalet 2019.

- Nominasjonskomitè til soknerådsvalet
 - Gudrun er leiar i nominasjonskomiteen
 - Magne Kolstad er med
 - Vi treng ein til i komitèen, og Gudrun spør fleire, om ikkje det går, må nokon frå soknerådet gå inn
- Litt om tidsplanen
 - 1. Mars er frist for nominasjonskomitè
 - Innlevering av lister til sokneråd 30.april kl. 12.00

Sak 08/19 Offerlista 2019

Liste over søknader vart delt ut og gjennomgått.

Det har vore ein stor nedgang i offerttala. Dette må sjekkast, men førebels går 26% til eige arbeid.

Det er 36 gudstenester, og vi aukar til

1 x Det Norske Misjonsselskap, juledag

8 offer til eige arbeid.

4 går til Himalpartner

1 x Kirkens Nødhjelp + fasteaksjonen

1 x NLM 1. Påskedag

1 x Normisjon 1. pinsedag

1 x KRIK

2 stk Ungdomskoret. (lysmess + ei på våren)

1 Frelsesarmeen 2. Juni

2 stk bør vera opne (katastrofer etc.)

1 Søndagsskulen

1 Bibelselskapet på bibeldagen

1 x Strømmestiftelsen

1 x Kirkens Bymisjon , Bergen

1 x

Lista over er ikkje komplett, men korrekt liste vert levert ut frå Ingvill.

Sak 09/19 30-årsjubileum for Nhs kyrkje

- Jubileet vil gå av stabelen 19.mai
- Det er diskutert ei litt enklare markering enn ved 25 årsjubileet.
- Kaker,
- evt framføring av messe ved opninga

Sak 10/19 Eventuelt

Etter forslag om å få folk til å setja seg lengre fram i kyrkja for å unngå tome benker framme føreslår soknerådet at trillevogna med salmebøker vert sett inn i sjølve kyrkja, med oppmoding om å setja seg fram. Dette må inn i instruksen til kyrkjevertane.

Neste møte er 5. Mars 2019

Edmund Tolo, referent